



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Tor S Høyland / 55516266

Vår referanse:
17/12883-2

Deres referanse:
16/757 - 17/1570

Vår dato:
15.02.2017

Svar på høyring og offentlig ettersyn av tiltaksplan for trafikksikring 2017–2020 – Meland kommune

Vi viser til dykkar kunngjering av 26 januar 2017.

Det er positivt at Meland kommune reviderer trafikksikringsplanen frå 2012–2016. Dette særleg for å kunna prioritera trafikksikringstiltaka opp mot endringar som har skjedd i busetting, på vegnettet, med trafikkmønsteret, i ulykkesstatistikken og i forhold til ny viten om kva tiltak som gjev best trafikksikringseffekt.

Tiltaksplanen er bygd opp logisk med føringar både til nasjonale planar og til kommunen sin eigen visjon som også viser til 3 satsingsområder som igjen har klare mål :

1. Barn og unge
2. Kommuneplanlegging og forvaltning
3. Fysiske tiltak

Alle desse 3 satsingsområda er viktige for å få ein varig reduksjon i risikoen i trafikken for innbyggjarane i Meland kommune og dermed for å få ein reduksjon i alvorlege trafikkskader. Det kan imidlertid bli utfordrande å kunna måla korleis tiltaka faktisk vil verka på risikoen. Til det er ulykkestala i Meland kommune statistisk sett for små. Vi vil difor rå til at kommunen også vurderer andre metodar for å måla verknadane av satsingsområda.

I kapittel 6.3.1 er det prioritert tiltak på fylkesvegnettet. Vi vil vurdere desse tiltaka opp mot tiltak i andre kommunar og opp mot dei budsjetta som fylkeskommunen vedtar for perioden 2017–2020. Vi vil ta forbehold om det er trafikalt grunnlag for dei foreslåtte tiltaka som går på nedsett fartsgrense og etablering av gangfelt.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Som det går fram av ulykkesstatistikken i kapittel 5.2, er utforkøyringsulykker klart dominerande ulykkestype for perioden 2012–2015. I dei 3 satsningsområda i tiltaksplanen er det få tiltak som rettar seg særskilt mot denne ulykkestypen. Vi vil rå til at tiltak mot utforkøyringsulykker blir prioritert høgare i tiltaksplanen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tor S Høyland

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.